



AVINOR AS AVD FØRDE LUFTHAVN
Postboks 150
2061 Gardermoen

Sakshandsamar::
Silje Tingstad

Endeleg inspeksjonsrapport

Inspeksjon ved Avinor AS avd. Førde Lufthamn, Bringeland

Kontrollnummer: 2019.030.I.FMVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:

Kjell Otto Gjesdal, Arild Borlaug, Cato Vik,
Marthe-Lise Søvik og Trine Reistad

Frå Fylkesmannen i Vestland:

Silje Tingstad og Ingrid Torsnes

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Avinor AS, avd. Førde Lufthamn 23. april 2019. Rapporten datert 22. mai 2019 er endra etter tilbakemelding frå verksemda 23. mai 2019. Rapporten er endeleg.

Fylkesmannen i Vestland avdekka ingen avvik og ga 2 merknader under inspeksjonen:

- Internkontrollen må oppdaterast når ombygginga ved flyplassen er ferdig
- Farleg avfall i container var ikkje merka med innhald

Merknader er nærare omtalte frå side 4 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

Silje Tingstad
overingeniør

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Kopi til: Gaular kommune

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: AVINOR AS AVD. FØRDE LUFTHAVN	
Organisasjonsnr.: 974719878	Eigd av: 985198292
Bransjenr. (NACE-kode): 52.230 - Andre tjenester tilknyttet lufttransport	

Kontrollert eining

Namn: Avinor AS, avd Førde Lufthavn, Bringeland	Anleggsnr.: 1430.0007.01
Kommune: Gaular	Fylke: Sogn og Fjordane
Anleggsaktivitet: Flyplass	
Løyve gitt: 10.03.2011	Sist endra: 19.03.2018

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen inngår i Fylkesmannen sin aksjon for tanklagring, i tillegg til å vere del av Fylkesmannen sitt frekvensbaserte tilsyn.

Tilsynet vart gjennomført i medhald av forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Utslepp til vatn
- Avfall
- Kjemikal
- Tanklagring
- Løyve datert 19. mars 2019

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Fylkesmannen avdekte ingen avvik innanfor dei områda som vart kontrollerte. Vi ser difor på oppfølginga etter inspeksjonen som avslutta.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart sendt til verksemda 20. februar 2019. Verksemda skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemda etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Fylkesmannen varsla gebyrsats 2, tilsvarande 26 300 kroner.

På bakgrunn av at ressursbruken på kontrollen ha vore mindre enn forventa må Avinor AS, avd. Førde Lufthamn betale eit gebyr på kr 19 700,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 3 for tilsyn av inntil en dags varighet. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Fylkesmannen i Vestland. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Vestland (jf. offentleglova).

6. Merknader

Vi ga følgjande merknader under inspeksjonen:

Merknad 1

Internkontrollen må oppdaterast når ombygginga ved flyplassen er ferdig

Kommentarar:

Det vert for tida bygd eit snøsmeltingsanlegg for glykolhaldig snø ved flyplassen. Når det er på plass vil det kunne medføre endringar ved risikotilhøve og endra skriftlege rutinar. Når anlegget er ombygd må internkontrollen oppdaterast slik at den er i samsvar med dei nye tilhøva.

Merknad 2

Farleg avfall i container var ikkje merka med innhald

Kommentarar:

I avfallsforskrifta § 11-5 står det at ulike typar farleg avfall ikkje skal samanblanda dersom det kan føre til fare for forureining eller skap problem for den vidare handteringa av avfallet. I ombyggingsperioden var farleg avfall lagra i container. Dei ulike fraksjonane farleg avfall var ikkje merka med innhald. Dette kan føre til at ulike fraksjonar vert samanblanda, men det var ikkje tilfelle ved tilsynet.

7. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- forureiningslova
- forureiningsforskrifta
- avfallsforskrifta
- internkontrollforskrifta
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Fylkesmannen datert 19. mars 2018